



Intervju med leiar av Fagleg etisk råd, Edit Blåsternes

Eg møter Edit Blåsternes på kontoret hennar i Haukelandsbakken 45, der ho arbeider som lektor ved sjukepleiarutdanninga, Høgskolen i Bergen. Når dei to studentane som stakk innom har fått svar på spørsmåla sine, går ho rett på sak: Alle miljø treng å jobbe med kva god fagleg etikk er! Det er kjempeviktig å jobbe med etikk også i dei kristne miljøa, og ikkje tenke at fordi ein er kristen har ein god etikk. Vi må ha ein fagleg refleksjon som går utover at nokre miljø "eig" dei gode hendene og dei rette haldningane. **For alle, også for kristne kan det vere lang veg frå tanke til handling, og det kan vere mykje støy frå den gode tanken fram til den gode handlinga. I kristne miljø er det ofte høge ambisjonar og solide og tungtvegande føringar for å**



gjere dei rette handlingane, og dette er eit gode. Men virkelegheita er så samansatt og komplisert at sjølv den beste intensjonen kan bli krenkande i møte med pasienten. Derfor treng også kristne å arbeide med etikk og dei mange forholda som påverkar situasjonen. Kanskje det har vore undervurdert å snakke om den praktiske etikken – som ustanselig utfordrar deg der og da – i situasjonen, når du står der saman med pasienten, undrar Edit Blåsternes?

Det kan være forskjell på det den enkelte av oss har som privat etikk og det vi skal stå for som profesjonelle sjukepleiarar. I klinikken er det pasienten og hans behov som skal vere retningsgivande for vegval. Nokre ganger må eg kanskje stille meg sjølv spørsmål som handlar om min inntreden på ein annen sin arena. I gudsbilde vårt kan det ligge mange gode intensjonar om handling, men dette er kanskje uoppnåelege løysingar i dagens helsevesen. Eiga overbevisning må brukast med klokskap. Vi må også kjenne til risikoen vi løper ved å ikkje strekke til. For kristne kan ideala vere høge og bli ei stor bær som kan gi dårleg samvett når ein ikkje klarer å strekke til slik ein ville.

Etikken handler først og framst om måten eg møter den andre på fagleg og etisk. Vi har derfor plikt på oss til



Av Tove Giske



å tenke nøye gjennom korleis vi trer inn i ein situasjon. Det er pasienten som må guide oss i dette, og vise oss korleis vi kan bruke oss sjølve med fagkompetansen vår. Edit Blåsternes henter mykje inspirasjon hos Kari Martinsen. Det å vere sjukepleiar er eit ja til å gå inn i situasjonar der vi opnar opp for den andre. Vi må vere tilstaden med heile vår merksemd. **Sjukepleien vert eit vågestykke, ei utfordring der ein må ta innover seg den andre og hans situasjon. Gjer vi ikkje det, har vi tapt kjerna i det relasjonen**



byr på. Dette krev mykje av oss som sjukepleiarar. Vi må vere trygge i oss sjølve, ha ei viss modenheit og



vere i dannelsings-prosessar som utviklar oss både fagleg og personleg. Men det er også noko almen i dette. Å sleppe noko av seg sjølv for å sleppe den andre til er eit spørsmål om mot og det å vere villeg – det er også eit val. Og dette valet er noko alle menneske forhold seg til i møte med andre. Eg kan velge å sjå den andre og la det guide meg i handlinga – men eg kan også velge å ikkje sjå hva det er situasjonen byr på. Da risikerer eg å krenke ein annan utan eigentleg å vere det bevisst.

Edit Blåsternes kjem tilbake til kristne miljø. Ho snakker med engasjement og varme om dette, det ligg ho tydelegvis på hjarta: Å jobbe med faglege etiske spørsmål er viktig i kristne miljø. Det er lett å ta det for gitt i slike miljø at alle deler den gode intensjon, utan at den vert tydeleggjort. Det onde, lidelsen, alle dei dårlege luktene og det stygge er stygt for alle, og vi skuldar den

lidande å ha eit reflektert forhold til dette. Mange kristne har barmhjertigheit og dei 10 bud som tydelege ideal, og dei lever i pakt med sterke pliktetiske fordringar innsett av Gud. Kristne har mange tydelige (gode) intensjonar, ofte er dei mykje tydelegare enn andre som kanskje shopper litt her og der i forhold til ideal og intensjonar. Ho har inntrykk av at mange sjukepleiarar som har ein kristen overbevisning med seg inn i yrket lettare får skuldskjensle og opplever følelsen av ikkje å strekke til. Har ein ikkje med seg eit tydeleg pliktetisk engasjement er det lett å verte forflata av konsekvensetiske ideal der det handlar om at flest muleg skal få det best muleg. I ein slik tankegang kan det skje at den eine vert ofra mot dei mange som får det betre. **Hastigheitskulturen og det stadige kravet om effektivitet kan gjere at den som ikkje har ei tydeleg pliktetisk fordring kan trekke seg unna og unnskyld seg med at at dette kan ikkje eg hjelpe for.** Ho kjem tilbake til Kari Martinsen igjen og siterer ho på “dei sjuke kroppane som er så langsomme.” Dei sjuke kroppane passer ikkje inn i eit system der du er brukar og alt ser ut til å gå fortare og fortare i effektivitetens navn.

Eit anna område Edit Blåsternes er oppteken av, er refleksjon. **Avstandsrefleksjon i trygge arena kan lett bli svermerisk og gi falske håp om forandringar. Refleksjon har vorte eit moteord og som veldig mange moteord mister dei ofte krafta si.** Kanskje handlar det om at forpliktelsar forvitrar litt? Dersom den faglege refleksjonen skjer utenafør situasjonen – heime eller i

snakk borte frå jobben, er det lett å sjå dei gode løysingane. Når ein så kjem tilbake på jobb er berre gapet endå større. Det er derfor viktig at vi lærer oss å reflektere på jobben slik at refleksjonen er nær og i dei situasjonane som vekker oss etisk. Det er her vi kan sjå løysinger som kan føre til endring. Og kva med å tørre å inkludere pasientane i denne refleksjonen? utfordrar leiaren i Fagleg etisk råd.

Ho er over på eit nytt begrep i etikken: autonomi. Autonomi kan lett bli å fråskrive seg ansvaret i det gode sitt navn. Det er in å snakke om brukerperspektivet og om at vi har ansvar for oss sjølve og rett til å bestemme over oss sjølve. **Lidelse**



ropar imidlertid på ein å dele ansvar med, til å stå saman med pasienten og pårørande og ikkje til å bli forlatt som informert autonom brukar. Det er derfor svært viktig korleis vi tek med oss desse begrepa inn i faget vårt slik at etikken ikkje svikter pasienten. Kva funksjon vil vi vere stolte av som sjukepleiarar? Dersom vi legg vekt på det instrumentelle er det berre teknologien som set



grenser for kven som kan ta over for oss. Det er i møtet, i det det sårbare møtet at verdiane våre vert gjort verkelege. Ser vi dei sårbare situasjonane? Eller snur vi oss vekk så vi slepp å sjå vår eiga sårbarheit?. Held vi fram individet, autonomi, fridom og uavhengigheit for å sleppe å møte det sårbare medmennesket? Dette handler om synet vårt på livet og lidelsen.

Dermed er vi tilbake til refleksjonen igjen. **Edit Blåsternes meiner det er kritisk at dei nye generasjonane med sjukepleiarar flytter refleksjonen tilbake til praksis, for dei unge er vaksne opp med avstand.** Refleksjonen må finne stad på jobben, i eit miljø som kan bekrefte og sjå sjukepleiaren, eit miljø der du kan dele både det som er vanskeleg og det som er bra. Vi treng å rehabilitere sjukepleiefellesskapet som kan erstatte individualisme og egoisme med ideale som solidaritet. Vi høyrer ofte at det er så lita tid og at det er så travelt. Men det er ikkje alt som tek tid, og det er noko som tek ei anna tid. Det er ikkje alt som tek meir tid i helsevesenet – tid kan bli ei "sovepute" og eit alibi. Det tek ikkje meir tid å vere merksam tilstades, når du likevel står ved sjukesenga. Det tek ikkje meir tid å helse på eit menneske enn å oversjå betydninga av å presentere seg – eller lure på kven den andre er. Oppmerksomheit og det å vere tilstades med heile sitt sanseapparat krev ein anna tid, nemlig at du vågar å sleppe litt av deg selv. Være der for den andre, men det fordrer trygghet og tillit til deg sjølv både som menneske og som fagperson.

Det er meir enn 30 minutt sidan eg kom, og Edit Blåsternes har hatt mykje på hjarta. Det har ikkje vore plass til eit einaste spørsmål så langt. Dette er ei kvinne som veit ein del om det ho brenn for. Ho har i tida si som leiar av Fagleg etisk råd - medlem sidan 1991 – leiar siden 1998 - lagt stor vekt på å reise rundt og møte sjukepleiarar som arbeider på golvet. Ho har teke del på møter og konferansar til mange av faggruppene og ho har komt til arbeidsplassar som har invitert ho. Eg spør om ho får tid av NSF eller av arbeidsgjeveren for å gjere dette, og får vite at ho får dei organisasjonsdagane ho har krav på, resten er går av fritida hennar. Desse møta er viktige for ho fordi dei hjelper ho til å kjenne sjukepleiarkvardagen på pulsen, noko som ikkje alltid er like lett når ein arbeidar i ein høgskule. Dessutan gir det inspirasjon.

På spørsmål om kva saker Fagleg etisk råd får, fortel ho at fleire og fleire henvendinger kjem frå pasienter som opplever det ho kallar kvardagskrenkelser. Kvardagskrenkelser handler om dei små tinga i kvardagen der pasientane kjenner på avmakt og der dei føler seg oversett. Døme på dette kan vere:

- Korridorpatienten som vert sett på bekken i gangen ved sidan av matvogna. Her vel personalet praktiske løysingar framfor etiske løysingar.
- Pasientar kjenner seg prisgitt systemet og er redde for å gi beskjed fordi dei fryktar at dei skal miste omsorg.
- Pasientar kjenner seg ignorert og oversett. Dei får ikkje merksemd, og det kan vere kritisk for mange av pasientane.

Ja, for kva er sjukepleie og kva er helse? Sjukepleie er alt det vi ser og ikkje orker å sjå. Det kan handle om romforhold og plassering, korleis kan vi ta vare på pasienten når vi står midt oppi situasjonar og ikkje ser korleis vi kan løyse det? Då er vi midt i det etiske dilemma som mange sjukepleiarar kjenner på i kvardagen.

Vi summerer opp samtalen med at Edit Blåsternes, leiar for Fagleg etisk råd har eit praktisk syn på etikken, og den appellerer sterk til ho. Ho har yrkesstoltheit og ideal, og ser dette som viktig for kvaliteten av utøvinga av faget. Ho reflekterer heller over opplevingar som kan føre til teori enn frå teori til handling. Handlinga er viktig, vi blir det vi gjer. Og vi kommuniserer til samfunnet, pasientar og pårørande gjennom det vi gjer. Derfor er kvaliteten på den daglege sjukepleien så viktig! Vi må gi vår yrkesetikk autoritet, det kan vi berre gjere ved å arbeide for å utvikle handlingsnormer som bygger stoltheit og identitet.

